

Er det mogleg å justere loddekvoten ut frå eit vinterloddetokt?

Oppsummering av tokt 2007-2009



Av Elena Eriksen, Harald Gjørseter, Geir Odd Johansen, Ingolf Røttingen, Ingvald Svellingen, Sigurd Tjelmeland og Egil Ona, Havforskningsinstituttet

Innholdsfortegnelse

Er det mogleg å justere loddekvoten ut frå eit vinterloddetokt? Oppsummering av tokt 2007–2009..	1
Samandrag	3
English summary	4
Innleiing.....	5
Loddeforvaltning i Barentshavet og ved Island	5
Innspel frå næringa	6
Bruk av vinterloddetokt i forvaltninga av lodde	6
Vinterloddeundersøkingar	8
Bruk av data frå botnfisktoktet.....	11
Resultat	13
Konklusjon.....	16
Vegen vidare	17
Vedlegg	19
Målstyrkemålingar på vinterlodde 2008 og 2009.....	19
Trykkavhengighet.....	23
Fordeling av ekkoloddregistreringene på arter	31
Måling av vandring.....	32
Uvisse	33
Uvisse i ekkomengd langs kursen og uvisse i lengdefordelinga for biologiske prøver	34
Uvisse knytt til lodda si djupnefordeling.....	35
Uvisse knytt til vandring.....	37
Uvisse knytt til berekning av torskens beiting frå lodde.....	37
Oppsummering av uvisse	37
Referansar	38

Samandrag

Forvaltinga av lodde i Barentshavet er basert på eit årleg trål-akustisk tokt i september. Kvoten er basert på ei framskriving av den modne delen av bestanden til gytetidspunktet 1. april året etter. Framskrivinga er gjort med uvisse, og kvoten vert bestemt slik at det er mindre enn 5% sannsyn for at gytebestanden vert mindre enn 200 000 tonn.

Etter ynskje frå næringa gjennomførte Havforskningsinstituttet i 2007–2009 tokt om vinteren for å avklare om det er mogleg å etablere eit vinterloddetokt i forvaltinga, slik at ein førebels kvote sett om hausten kunne justerast ut frå ei måling nærare gytetidspunktet. Tanken var at dette kunne redusere uvisse i forvaltinga, fordi den lange framskrivingsperioden då ville bli kraftig redusert. Men dette er avhengig av at uvisse i toktestimatet ikkje er for stor. Tokta tok sikte på å avklare metodologiske problem knytt til at tilhøva for akustisk mengdeberekning er andre om vinteren enn om hausten.

Resultata frå tokta viser at problema knytt til områdedekking og vandring vil føre til at justering av kvoten med basis i eit vintertokt ville auke uvisse i forvaltinga av lodde. I 2007 var estimatet monaleg høgare enn prognosen, og dersom toktet hadde vore implementert i forvaltinga ville kvoterådet ha endra seg frå null til om lag 80 000 tonn. I 2008 var estimatet meir i line med kvoten og ville ikkje endra kvoterådet (som var null). I 2009 var estimatet lite i høve til prognosen, og det pågåande fisket ville ha blitt stoppa umiddelbart dersom toktet hadde vore implementert i forvaltinga.

Det er også vist at den akustiske målstyrken er sterkt avhengig av djupet, og sidan det gjennomsnittlege djupet kan vere annleis om hausten i høve til vinteren vil det skape ei tilleggsuvisse så lenge den akustiske målemetodikken ikkje tek omsyn til dette.

Dersom eit vinterloddetokt skal brukast til å justere loddekvoten må det utførast tidleg nok til at ein kan få utført toktet, bestemme kvoten, fordele den på fartøy og få utført fisket før gytinga startar. I 2008 starta gytinga alt i månadsskiftet februar–mars, så eit vinterloddetokt må utførast tidleg, og derfor vert det området som skal dekkast tilsvarande større. Sjølv om det var teke høgde for det i 2009, viste botnfisktoktet at det stod moden lodde endå lenger nord, som ikkje kom med i loddetoktet. Tidsfasing av toktet og områdedekking når det er sterk vandring er truleg det største problemet med å bruke eit vinterloddetokt i forvaltinga.

Røynslene frå dei tre tokta tilseier at ein ikkje tek sikte på å bruke eit vintertokt i forvaltinga av lodd.

Problem knytt til samarbeidet med Russland (tilgjenge til russisk økonomisk sone, Interne russiske problem, koordinering av norske og russiske fartøy) er ikkje omhandla i denne rapporten.

English summary

The management of capelin in the Barents Sea is based on one yearly trawl-acoustic survey in September. The quota is based on a probabilistic prognosis of the maturing part of the stock at 1 April when the capelin is supposed to spawn. The quota is determined by requiring a maximum of 5% probability for the spawning stock to be smaller than 200 000 tons.

Following suggestions from the fishing industry, Institute of Marine Research conducted surveys in the winters 2007–2009 to find out whether it is possible to implement a winter survey in the management of capelin, such that a preliminary quota decided in the autumn could be adjusted from a measurement closer to the time of spawning. The idea was that this would reduce the uncertainty in the management because the long prognostic period would be substantially reduced. This is dependent, however, on the uncertainty in the survey itself being not very large. The surveys aimed at clarifying methodological problems connected to the conditions for acoustic abundance estimations being different in the winter from those in the autumn.

The results from the surveys show that problems connected to area coverage and migration creates an uncertainty of such magnitude that using a winter survey in the management of capelin would increase the uncertainty in the management of capelin. In 2007 the estimate was substantially higher than the prognosis, and if the survey had been implemented in management the quota advice would have changed from 0 to about 80 000 tons. In 2008 the estimate was more in line with the prognosis and would have not changed the quota advice (which was 0). In 2009 the estimate was small compared to the prognosis, and the fishery would have been stopped immediately if the survey had been implemented in the management.

It is also shown that the acoustic target strength depends strongly on depth. Since the mean depth can be different in the autumn than in the winter this will create an additional uncertainty as long as the methodology does not account for depth dependent target strength.

If a winter survey shall be used to adjust the capelin quota it must be conducted early enough for conducting the survey, determine the new quota, distribute it on vessels and conducting the fishery before the spawning begins. In 2008 the spawning started already by the end of February/beginning of March. Therefore, a winter survey must be conducted early and the area that must be covered will be larger. Even if this was planned for in 2009, data from the demersal survey indicated that maturing capelin were distributed further north than the planned area. The timing of the survey and the area coverage combined with strong migration of capelin is probably the largest problem when using a winter survey in the management of capelin.

The experience from the three surveys discourages using a winter survey in the management of Barents Sea capelin.

Problems connected to the co-operation with Russia (admittance to Russian exclusive economic zone, internal Russian problems, co-ordination of Norwegian and Russian vessels) are not dealt with in this report.

Innleiing

Ingolf Røttingen og Sigurd Tjelmeland

Forvaltninga av lodde i Barentshavet er basert på eit bestandsestimat frå eit årleg norsk-russisk trål-akustisk tokt i september, og ein prognose for utviklinga av den modne delen av bestanden fram til 1. april. Metoden er vel etablert i det norsk-russiske forvaltnings- og forskarsamarbeidet. Men næringa har kritisert den lange framskrivingstida på 6 månader og foreslått at ein skal bruke den islandske metodikken også for lodda i Barentshavet, der kvoten kan bli justert om vinteren basert på eit tokt som måler mengda av moden lodde før gyting. Tanken er at dette vil redusere uvissa i framskrivinga. I perioden 2007–2009 har Havforskningsinstituttet undersøkt gyteinnsiget for å finne ut om slike målingar kan erstatte den etablerte metodikken som grunnlag for forvaltning av det norsk-russiske loddefisket i Barentshavet. Dette vart gjort ved å:

1. Bruke loddedata frå det årlege botnfisktoktet i februar med forskingsfartøy
2. Utføre akustiske undersøkingar av loddegyteinnsiget med innleigde ringnotfartøy (finansiert av forskingskvoter).

Loddeforvaltning i Barentshavet og ved Island

Ingolf Røttingen

Tabellen nedenfor sammenligner de generelle hovedkomponentene i loddeforvaltningen i Barentshavet og ved Island:

Trinn	Barentshavet	Island
Grunnundersøkelse	Norsk – russisk akustisk tokt i september	Tokt om høsten. I de senere år har det ikke vært mulig å oppnå et estimat på den tiden av året. Dette kan skyldes endret utbredelsesområde (lodda fordelt under isen?)
Prognose	Fram til 1. april	
Økosystemelement i forvaltningen	Torskens konsum modellert for perioden 1. Januar–1. april	Torskens konsum ikke koblet til loddeforvaltningen
Tileggsundersøkelser	Ingen	Flere tokt på gyteinnsiget
Gyteinnsig	Stort område i Barentshavet, stor variasjon fra år til år	Begrenset område Øst-Island
Gyteområde	Troms-Murmansk	Sørkyst Island
Minimum gytebestand	200 000 tonn	400 000 tonn
Maksimum tillatt usikkerhet i gytebestandsestimat	5 %	50 %
Forvaltningsmyndighet	Den blandede norsk-russiske fiskerikommisjon	Islandske myndigheter
Kvotefastsettelse	Endelig kvote ca 3 måneder før oppstart av fisket	Endelig kvote umiddelbart før oppstart av fisket

Innspel frå næringa

Sigurd Tjelmeland

I 2004 foreslår Norges Fiskarlag i eit brev til FKD at dersom eit vintertokt i 2005 gjev eit meir optimistisk bilete av den modne delen av bestanden enn hausttoktet i 2004, burde det opnast for eit lite loddefiske til konsum. I 2006 foreslår Fiskebåtredernes Forbund i brev til Havforskningsinstituttet at eit vintertokt bør bli ein fast del av forvaltingsmetodikken for lodde. Også Norges Sildesalgslag har ved fleire høve fremja dette ynsket. Spørsmålet om eit vinterloddetokt for å justere ein eventuell kvote var også oppe i Referansegruppa for ressursforskning ved fleire høve i 2006 og 2007.

Det er fleire problem knytt til å måle lodda om vinteren:

- Ulik gjennomsnittleg målstyrke på grunn av at lodda står i ulike djup om hausten og vinteren
- Målstyrken kan vere avhengig av feittprosenten
- Større vanskar med å skilje lodde og sild i det akustiske signalet
- Sterk vandring

Det er også ulike problem knytt til å implementere ei måling om vinteren i forvaltinga av lodde

- Evaluere uvissa i toktet og bruke denne i framskrivingsmodellen.
- Berekne beitinga av torsk frå toktet vert gjennomført og til gyting når toktet går over fleire veker.
- Tidspunkt for toktet: Det må vere så tidleg at det er rom for evaluering , tildeling av kvoter og utføring av fisket før gytinga startar. Det kan vere eit problem når gytinga startar tidleg (som den gjorde i 2008). Når toktet går tidleg må også større havområde dekkast, og toksam arbeidet med Russland vert viktigare.

Desse problema har gjort at Havforskningsinstituttet tidlegare har valt å ikkje bruke den islandske metodikken. Men vi har sett det slik at spørsmåla frå næringa er rimelege og må takast alvorleg. Derfor er det gjennomført eit 3-årig forskingsprosjekt 2007–2009 der vi ved hjelp av innleigde fiskefartøy finansierte av forskingskvoter har laga eit estimat over mengda moden lodde om vinteren og samstundes samla inn forskingsdata for å kunne utvikle metodikk til å løyse dei metodiske problema nemnde ovanfor, så langt det let seg gjere.

I denne rapporten oppsummerer vi resultatata frå desse tokta. Rapporten er organisert i ein hovuddel der vi gjev generelle resultat og trekker konklusjon og eit vedlegg, der vi gjev meir teknisk informasjon. Figur- og tabellnummerering i vedlegget fylgjer kvart vedleggskapittel.

Bruk av vinterloddetokt i forvaltinga av lodde

Sigurd Tjelmeland


Figur 1 illustrerer korleis forvaltingsmetodikken kunne utvidast med eit vintertokt. Figur 1a viser resultatet frå ei mogleg bestandsvurdering, svært likt den som vart gjort hausten 2008, og som resulterte i ein loddekvote på 390 000 tonn vinteren 2009. Det er uvissa i alle lekkar av framskrivinga frå måletidspunktet 1. oktober til gytetidspunktet 1. april. Den utviklinga gjennom denne perioden som er mest sannsynleg er gjeven ved den gule lina. Vi bruker gjerne omgrepet punkttestimat når vi refererer til den mest sannsynlege verdien og ser bort frå uvissa. Den vassrette lina nedst markerer



grenseverdien 200 000 tonn i forvaltingsregelen. Fordi det er uvisse, kan ein tenke seg mange ulike framskrivingar som alle er like sannsynlege, dei fleste av dei vil ligge i nærleiken av framskrivinga av punkttestimatet, men nokre kan ligge høvesvis langt frå. Samlinga av dei 50 % av alle framskrivingar som ligg nærast utviklinga av punkttestimatet er gjeve ved det raude feltet, og samlinga av dei 90 % framskrivingane som ligg nærast utviklinga av punkttestimatet er gjeve av det grønne feltet, dvs. 5 % av framskrivingane ligg under det grønne feltet. Kvoten er bestemt slik at grensa for det grønne feltet kryssar 200 000 tonn lina 1. april.

Når ein bruker eit vinterloddetokt til å justere kvoten, vil ein bruke den opphavlege framskrivinga til å bestemme den delen av kvoten ein reknar med vil bli teken før toktet, og bestemme den resterande delen av kvoten ut frå toktresultatet. I forvaltninga i dag er det føresett at 20 % av kvoten vert teken i januar, 30 % i februar og 50 % i mars, og denne fordelinga vert halden fast frå år til år. I realiteten vil fordelinga endre seg med kor stor den prognostiserte kvoten er og med kva tid hovudtyngda av innsiget kjem.

Figur 1b viser tilsvarande bestandsvurdering dersom eit vintertokt målte mengda moden lodde 15. februar til 800 000 tonn, og figur 1c viser korleis bestandsvurderinga hadde vore dersom toktet hadde vist 2 millionar tonn. Loddetoktet vinteren 2008 gav 100 000 tonn, vesentleg mindre enn desse to døma.

Dersom uvissa i vinterestimaten skulle vere større – og det ville den vore dersom uvisse knytt til vandring vart inkludert, t.d. – ser vi frå figurane at det nedste grønne feltet ville krysse grensa på 200 000 tonn i forvaltingsregelen. Resultatet ville vere at fangsten etter måletidspunktet ville måtta reduserast for å etterleve regelen.





Figur 1. Bestandsvurdering for lodde for perioden 1. oktober 2008 – 1. april 2009 utan justering med vinterloddetokt (øvst), med eit vinterloddetokt på 800 000 tonn (midten) og med eit vinterloddetokt på 2 millionar tonn (nedst). Den vassrette lina markerer grensa på 200 000 tonn i forvaltingsregelen.

Vinterlodgeundersøkelser


Elena Eriksen og Geir Odd Johansen

Toktene ble gjennomført om våren 2007, 2008 og 2009 som akustiske tokt for å teste ut metodikk for kartlegging og mengdeberegning av gyteinnsiget til lodde i Barentshavet. Målsetningene for toktene har vært å:

- Estimere akustisk målstyrke (Target Strength; TS) for lodde i gyteperioden, se resultater i Vedlegg.
- Kartlegge utbredelsen av ungsild med tanke på blanding av ungsild og lodde som problem for akustisk mengdeberegning
- Estimere vandringshastighet og retning for gytelodde med sonar som støtte for akustisk mengdeberegning, se resultater i Vedlegg.

- Foreta akustisk mengdeberegning av gytelodde.

Toktene ble gjennomført med leiefartøy og har dekket ulike deler av området langs kysten av Troms og Finnmark, samt i deler av Russisk eksklusiv økonomisk sone i 2008 og 2009. I 2009 var dekningsområdet i tillegg mer oseanisk, med nordligste utstrekning opp mot 75°N. I tillegg til akustiske data fra ekkolodd, sonar og TS sonde, er det samlet inn biologiske data fra lodde og sild med pelagisk trål og snurpenot, samt hydrografiske data med CTD sonde. Gjennomføringen av toktene er oppsummert i figur 2 og tabell 1.



Figur 2. Dekningsområder for vinterloddetokt i 2007–2009.

Tabell 1. Tidsrom, dekningsområde og innsamlede data for vinterloddetoktene i 2007–2009.

Innsamlede data omfatter antall trålhal, CTD stasjoner, TS-sonde stasjoner og sonarregistreringer. I 2007 ble det ikke benyttet TS-sonde, og bruk av sonar var på eksperimentstadiet.

År	Dekningsområde	Dato	Antall trålstasjoner	Antall CTD stasjoner	Antall TS-sonde stasjoner	Sonar registreringer
2007	70°00'–72°30' N 17°00'–34°10' Ø	26. februar– 18. mars	17	12	0	0
2008	Norskekysten(18°– 32°Ø) og russisk økonomisk sone	2. februar–2. mars	70	123	19	18 (lodde) 22 (sild)
2009	Sør for 75°N mellom 18° og 36°Ø	20. januar– 14. februar	69	115	4	4 (lodde)

Loddens gyteinnsig varierer betydelig fra år til år, både geografisk og med hensyn til når innvandringen begynner. Det er derfor svært vanskelig å koordinere toktet med hovedinnsiget, noe som medfører ufullstendig dekning av gytebestanden i innvandringsperioden, med mindre toktets

varighet og innsats økes betydelig. Beregningene av gytebestandens størrelse er derfor svært usikre. Et pålitelig estimat av gytebestanden som utgangspunkt for kvotefastsettelse om våren er derfor urealistisk med dagens metodikk.

2007: Dekningsområdet var begrenset til 5 små delområder. Avstand mellom kurslinjer varierte mellom delområder fra 9 til 1 nautiske mil. For stor avstand mellom kurslinjene økte risikoen for å gå glipp av vandrende loddestimer, mens for kort avstand økte risikoen for å dekke samme stimen flere ganger. Lodde ble observert i de øvre vannmasser i stimer, og blandet med andre fiskeslag på større dyp ned til 240 meter. Utbredelsen av ungsild er delvis overlappende med gyteinnsiget av lodde i de sørlige deler av Barentshavet. Sild ble observert i både rene sildestimer og blandet sammen med lodde. Sildestimene var vanskelig å skille akustisk fra loddestimene, og dette kan føre til feil i loddemengdeestimatet. Gyteklar lodde ble observert i perioden 10.–15. mars, og derfor synes timingen av undersøkelsen i forhold til innsigsperioden å ha vært vellykket.

2008: Dekningsområdet var større enn i 2007, og undersøkelsen og kartleggingen av loddemigrasjon startet tidligere enn i 2007. Regelmessig tråling ble utført både i pelagialen og nær bunnen. Loddestimer ble observert i det vestlige området, hvor loddeinnsiget startet uvanlig tidlig, rundt 15.februar. Derfor passet den tidlige starten av toktet bra med det tidligere vestlige loddeinnsiget. Lodde ble også observert blandet med andre fiskeslag langs kysten og i den østlige del av dekningsområdet. Målinger av akustiske målstyrke (TS) viste lignende TS om vinteren (gytelodde) og høsten for liten lodde, mens forskjellen var større for større lodde. Dette kan påvirke mengdeestimatet i de to sesongene. Målstyrken varierte fra -51,64 dB for 15,5 cm kroppslengde til -49,74 dB for 17,5 cm kroppslengde. Registrering av vandringshastighet og retning med sonar er egnet til å estimere lokal vandringsdynamikk nær kysten, men justering for dette i de akustiske bestandsestimatene krever utvikling av metodikk og et bilde av dynamikken på større skala. Hastigheten til stimene ble målt til omkring 1 knop for lodde og 0,6 knop for sild.

2009: Dekningsområdet var vesentlig utvidet sammenliknet med de to foregående år, selv om russisk økonomisk sone ikke ble dekket grunnet manglende tillatelse. Undersøkelsene startet tidligere for å dekke gyteloddevandringen før fiskeriet startet. Regelmessig tråling ble utført både i pelagialen og nær bunnen. De akustiske registreringene varierer mellom tette stimer, løse slør langs bunnen, og spredte bunnære registreringer av lodde i blanding med andre arter. I den vestlige delen av toktområdet ble lodde generelt observert i stimer i de øvre 50 meter. I den østlige delen blandet lodde seg med andre fiskeslag. 1 og 2 år gammel lodde ble observert blandet med andre arter nord for 74°N. Sildestimer ble observert i den vestlige delen, hvor lodde var fraværende. TS for lodde som ble observert nær bunnen ble også målt. Fiskeriet ble åpnet under toktet og foregikk i et område som senere ble dekket av toktet. I de siste ukene av toktet ble vandringshastigheten til lodde målt og varierte mellom 0,7 og 2,5 knop.

Toktene viser at leiefartøy med moderne akustisk instrumentering er velegnet til slike studier. Et sammendrag av resultatene fra toktene er vist i tabell 2 på side 15

Detaljerte toktrapporter er tilgjengelige fra Havforskningsinstituttet:

2007: Toktrapport Nr. 12 – 2007 (ISSN 1503-6294)

http://www.imr.no/publikasjoner/andre_publicasjoner/toktrapporter/2007/Nr.12_2007.pdf/nb-no

2008: Toktrapport Nr. 8 – 2008 (ISSN 1503-6294).

http://www.imr.no/publikasjoner/andre_publicasjoner/toktrapper/2008/Nr.8_2008.pdf/nb-no

2009: Toktrapport og Nr. 1 – 2009 (ISSN 1503-6294)

<http://www.imr.no/filarkiv/toktrapper/Nr. 1. 2009.pdf/nb-no>

Bruk av data frå botnfisktoktet

Sigurd Tjelmeland


Samstundes med desse tokta gjekk også det årlege norsk-russiske vintertoktet for å dekke botnfiskbestandar. Vinterloddeprosjektet tok sikte på å undersøke om det let seg gjere å få eit estimat av moden lodde om vinteren ved å bruke eit eige tokt, uavhengig av botnfisktoktet. Bakgrunnen for det er at botnfisktoktet må prioritere ei god geografisk dekning av botnfisk og eit biologisk prøvetilfang som gjer at ein kan lage gode estimat av botnfiskbestandane. Dette gjev så sterke føringar på toktet at det vanskeleg kan vere ein del av grunnlaget for eit loddeestimat.


Det området som er dekkja på botnfisktoktet er større enn dei områda som har vore dekkja på dei tre vinterloddetokta, og det er nærliggjande å spørje om ikkje informasjon frå desse tokta kan brukast i eit eventuelt loddeestimat om vinteren, spesielt sidan områdedekkinga er eit problem og sidan ein god del moden lodde kan stå att i dei nordlege områda.

Vinterloddetokta har vore utført i stor grad uavhengig av botnfisktoktet, for å teste om det let seg gjere å utforme eit tokt som raskt kunne brukast til ei kvotejustering, utan å måtta vente på at botnfiskundersøkingane skulle bli ferdige. Bruk av data frå botnfisktoktet inneber to problem. For det første er tidsfasinga og områdeallokeringa vanskeleg å tilpasse til eit effektivt estimat av moden lodde. For det andre er det rett og slett for få pelagiske trålhal i botnfisktoktet. Det er lodde i mange av botntrålstasjonane, men det er vanskeleg å kombinere informasjonen frå desse med akustikken, sidan lodda som vert fanga på botnen som regel er ulik den lodda som vert fanga pelagisk. I pelagialen finn vi ei blanding av moden og umoden lodde, spesielt i dei nordlege områda, medan det på botnen stort sett er moden lodde. Det skal eit godt prøvegrunnlag til for å skilje mellom moden og umoden lodde. I dei nordlege områda (utanfor dekkingsområda for vinterloddetokta) er det ikkje sild, og det er truleg lite uvisse knytt til ekkomengda for lodde, men dei aller fleste biologiske prøvene er frå botntrålstasjonar, og det er lite sannsynleg at lodda frå desse er representative for den lodda som vert målt akustisk. I 2009 vart det målt 100 000 tonn moden lodde på dei to leigefartøya MS "Eros" og MS "Libas". Dersom ein tek med dataene frå fartøya på botnfisktoktet vert estimatet 1,1 millionar tonn ved å bruke alle dei biologiske prøvene. Dersom vi bruker bare dei pelagiske prøvene som er tekne frå tråling på registrering (2 prøver) vert estimatet 0,6 millionar tonn. Dette illustrerer uvisse knytt til prøvegrunnlaget for dette toktet. Begge estimata er i underkant av kva vi kunne vente frå haustmålinga (Figur 4), men dekkninga frå vintertoktet omfattar ikkje heile loddebestanden (Figur 3). 2009 var eit år med seint innsig, i motsetnad til 2008, då vi hadde eit tidleg innsig.

Tabell 2 og 3 gjev eit oversyn over kva som er målt på vinterloddetoktet, kva som vert estimatet dersom ein bruker data frå botnfisktoktet med prøver bare frå pelagiske trålhal, og 90 % intervallet frå prognosen (lese ut frå figur 4) på (omtrentleg) tidspunktet for toktet.

Figur 3 viser alle kurslinjer i 2007, 2008 og 2009. Storleiken på sirklane representerer dei målte ekkomengdene, som også inkluderer umoden lodde, der maksimal verdi er sett til 500. Fargen på sirklane representerer tidspunktet i dagar frå start av toktet, etter fargeskalaen gjeven for kvar figur.






Figur 3. Kurslinjer og ekkomengd for lodde vinteren 2007 (øvt), 2008 (i midten) og 2009 (nedst). Dei nordlegaste kurslinene høyrer til botnfisktoktet.



Resultat

Sigurd Tjelmeland

Figur 4 viser prognosane frå haustundersøkingane som danner grunnlaget for forvaltninga av lodda.



Mature capelin prognosis autumn 2007-spring 2008, no catch



Figur 4. Framskrivningar av lodde frå målinga om hausten til gytetidspunkt for 2006–2007 (øvtst), 2007–2008 (midten) og 2008–2009 (nedst), tekne frå ICES-assessmentet.

Tabell 2 gjev ei oppsummering av dei akustiske undersøkingane ved bare å bruke data frå vinterloddetoktet. Vi har ikkje vist uvissa i estimata, sidan den uvissa vi kan talfeste i dag bare

omfattar uvisse knytt til integratorverdiar langs kursen og uvisse i dei trålprøvene som faktisk vart tekne. Denne delen av uvisse er av same storleiksorden som tilsvarande uvisse frå haustestimata. Uvisse som i dag ikkje kan talfestast er truleg mykje større om vinteren enn om hausten, sjå kapitlet om uvisse i vedlegget. Estimata på 480 000 tonn med MS "Gardar" vinteren 2007 er gjort med same program og metodikk som dei andre estimata. Umiddelbert etter toktet vart det gjort eit estimat på 503 000 tonn med ein litt annan metodikk.

Tabell 2. Oppsummering av vinterloddeundersøkingane 2007–2009.

År	Fartøy	Tidsrom	Estimat, 1000 tonn	Moden lodde hausten før	Kommentar	Aksjon dersom vinterloddetoktet var implementert i forvaltinga
2007	MS "Gardar# Leitefartøy: MS "Kvannøy" og MS "Harvest"	26. februar – 18. mars	480	437	Innsig konsentrert rundt Varangerhalvøya	Eit fiske på omkring 80 000 tonn
2008	MS "Eros" MS "Libas" MS "Smolensk"	2. februar – 2. mars	445	843	Vestleg og tidleg gyting	Nullkvote oppretthalden
2009	MS "Eros" MS "Libas"	20. januar – 14. februar	100	2467	Sein gyting, moden lodde utanfor undersøkingsområdet	Stopp i fisket

Tabell 3 viser prognosen frå haustassessmetet ved slutten av vinterloddeundersøkingane saman med estimata frå vinterloddeundersøkingane aleine og estimat med data frå både vinterloddeundersøkingane og botnfisktoktet. Bare data frå pelagiske trålhal er nytta. Resultata spriker mykje. Sidan botnfisktoktet dekker eit mykje større område vert estimatet ved å bruke data derfrå alltid høgare, dvs. det har stått ein god del moden lodde utanom undersøkingsområdet for vinterloddetoktet, som ikkje har kome skikkeleg i gang med innsiget.

Tabell 3. Estimat av moden lodde frå vinterloddeundersøkingane aleine og ved å bruke data både frå vinterloddeundersøkingane og botnfisktoktet.

År	Målt på vintertoktet	Bruk av data frå botnfisktoktet	Prognose frå assessmentet (90 % intervall)
2007	480	518	120 – 380 (1. mars)
2008	392 (446 med MS "Smolensk")	704	250 - 800 (1. februar)
2009	101	622	800 - 1800 (15. februar)

Konklusjon

Ingolf Røttingen og Sigurd Tjelmeland

I 2007–2009 utførte Havforskningsinstituttet tokt om vinteren med sikte på å avklare om det er mogleg å implementere eit vinterloddetokt i forvaltinga av lodde, slik at kvoten kan justerast ut frå ei måling som ligg nær gytetidspunktet. Denne metoden er i bruk på Island, og det har i mange år vore eit ynskje frå næringa å innføre metodikken også for lodda i Barentshavet, ut frå den tanken at det ville redusere uvissa i forvaltinga.

I samband med dette vil vi peike på fylgjande:

2007: Estimaten – anten data frå botnfisktoktet er inkluderte eller ikkje - bomma på prognosen (overestimat). I staden for eit 0-fiske ville ein kunne, med basis i vedteken haustingsregel, arrangere eit vinterlodddefiske på 80 000 tonn (48 000 tonn norsk andel). Men dette estimaten var klart først i midten av mars. Vi ville tru at ein så sein dato ville føre til problem med å arrangere eit vinterlodddefiske (fordeling av kvoter og ikkje minst kontraktar for levering av (konsum)lodde.

2008: Det var samsvar mellom prognose og resultat frå vinterlodgeundersøkingane. Forvaltningstiltaket (0-fiske) ville ha stått ved lag. Dato for ferdigstilling av estimaten var byrjinga av mars.

2009: Estimaten – anten data frå botnfisktoktet er inkludert eller ikkje - bomma på prognosen (underestimat). Resultatet låg føre i midten av februar. I utgangspunktet skulle det ha vore arrangert eit vinterlodddefiske på 390 000 tonn, men vintertoktets resultat tilsa eit 0-fiske. Vi trur at det ville ha skapt praktiske problem å avlyse eit fiske. Dersom fisket likevel vart arrangert ville det kunna ha blitt diskusjon om fisket var i samsvar med føre-var-prinsippet.

Toktresultata viser at det er stor uvissa i denne metoden, og at det er dårleg samsvar mellom det som vert målt og det ein kunne vente ut frå den utviklinga i loddebestanden som vert registrert på hausttoktet i september. Å innføre eit vintertokt i forvaltinga ville derfor heller auke enn minke uvissa i forvaltinga. I tillegg er det store problem knytt til å finne eit høveleg tidsrom for gjennomføring av toktet på grunn av ekstrem variasjon frå år til år i tida for gyteinnsiget.

Implementering av eit vintertokt i forvaltinga av lodde kan derfor ikkje tilrådest.

Vegen vidare

Harald Gjøsæter

Sjølv om det har synt seg vanskeleg å mengdemåla lodda under innsiget, har likevel tokta med fiskefartøy i perioden februar–mars gjeve oss interessante opplysningar om loddeinnsiget, både når det gjeld variabiliteten i tid og rom, og dei biologiske og økologiske prosessane som knyter seg til innsiget. Det er difor ønskeleg å halda fram med studiar i denne perioden, men også å utvida perioden til tida etter sjølve gytinga, for meir systematisk å samla inn data. Vi føreslår difor at det vert sett i gang eit økologisk program som ein oppfølgjar til desse undersøkingane og tidlegare undersøkingar på loddas gytefelt. Det er nemleg av stor verdi å få betre kjennskap til dei prosessane som føregår i det kystnære økosystemet i denne perioden.

Det er vel kjend at dei to store pelagiske bestandane sild og lodde har stor innverknad på kystøkosystema ved at dei transporterer stor biomasse, produsert langt til havs, inn til kysten i samband med at dei gyter på botnen nær kysten. Det som særmerkjer lodda er at ho, i motsetnad til silda, døyr etter gytinga, så her er det ikkje berre gyteprodukt som vert liggjande att ved kysten, men biomassen av praktisk tala heile gytebestanden. Denne biomassen vert redusert gjennom predasjon gjennom heile perioden frå den modnande lodda skil seg frå resten av bestanden og byrjar vandra mot kysten i januar-februar, til gytinga er over i april. Ein del av denne prosessen er kartlagd, medan andre deler, som til dømes kva som skjer med lodde som dør ein naturleg død etter gytinga, framleis er temmeleg ukjend.

Eit økologisk program bør ha som hovudmålsetjing å kasta lys over kva effektar loddegytinga har på økosystemet. Det kunne omfatta prosjekt med ulik tilnærming og studieobjekt som til saman står opp under denne målsetjinga. Økosystemet består av mange aktørar og det burde gjerast innsamling og analyse av data både på kjemisk/mikrobielt nivå (korleis bakteriar og mikroalgar nyttiggjer seg den auka mengda av næringsstoff som vert frigjort når lodda gyter/dør/vert nedbroten), på benthos (korleis loddegytinga påverkar botntilhøva, korleis benthosorganismar nyttiggjer seg gyteprodukt og død lodde som hamnar på botnen), på fisk (kven er dei viktigaste predatorane på hhv. levande lodde, død lodde og gyteprodukt, og kva betyr denne ekstra tilgangen på næring for dei ulike artane), på fugl (kva artar som nyttiggjer seg hhv. levande lodde, død lodde og gyteprodukt og kva dette betyr for dei), på pattedyr (kva for sel- og kval-artar er involvert og kva betyr dette for dei). Andre aktuelle studiar er ein mulig interaksjon mellom økosystemet yttarst på kysten og inne i fjordane. Vert noko av energien som kjem til kysten i form av loddeinnsiget transportert vidare innover i fjordane? Elles er sjølvsagt studiar av årsakene til variasjon av gytinga i tid og rom, og eventuell modellering av desse prosessane, interessante.

Føremålet med eit slikt program må vera å finna ut om det faktisk er slik vi gjerne trur; at loddeinnsiget har ein vesentleg gjødslingseffekt på kysten, som er så stor og viktig at det bør vurderast om ikkje desse effektane må inkorporerast i loddeforvaltinga på eit eller anna vis. Prosjekta bør vera orientert mot observasjon og innsamling for å dokumentera og kvantifisera effektar. På nokre område er ein komen eit steg lenger og kan kanskje ta i bruk noko modellering, men i hovudsak er dette programmet deskriptivt. For deler av programmet kan det kanskje søkjast om finansiering frå NFR, sjølv om årets utlysingar kanskje ikkje er særleg aktuelle. Ein forskingskvote på lodde vert etter alt å døma vidareført, særleg dersom både vi og PINRO ønskjer det, og ein slik kvote kan sjølvsagt tenkjast vera basisfinansieringa for programmet. Innsamlinga må då føregå frå

